



Jnr.1092.13

Gjg

Fiskeri og Kystdepartementet  
Postboks 8118 dep.  
0032 Oslo

Att: Fiskeri og kystminister Lisbeth Berg Hansen

### Vedkjem høyringsuttale til framlegg til Hardangerfjordforskrift

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har hatt ei grundig drøfting av høyringsframlegget til ny Hardangerfjordforskrift og meiner at konsekvensane ved innføring av forskrifta vil verta svært store.

Difor konkluderte Samarbeidsrådet med følgjande:

*Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at framlegg til Hardangerfjordforskrift vert lagt vekk. Dette fordi ein enno ikkje fullt ut kan måla effekten av alle dei ulike forskriftene og tiltaka som er sett i verk. Det bør ikkje gjerast politiske vedtak som legg ned lønsame arbeidsplassar og som samstundes stengjer den verdiskapinga oppdrettsnæringa er for regionen og samfunnet elles.*

Heile uttalen ligg som vedlegg.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber med bakgrunn i ovannemnde om eit møte med representantar frå Fiskeri- og kystdepartementet for å gje ei orientering om konsekvensane i Sunnhordland.

Me tillet oss også å spørja om dette let seg gjera 16. eller 17. april då fleire av ordførarane er i Oslo i desse dagane.

Sunnhordland 19.mars 2013

Med venleg helsing

Liv Kari Eskeland  
styreleiar

  
Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar